

10.trinn - veke 40 og 42

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærar **10A:** Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærar **10B:** Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærar **10C:** Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

| Læringsmål denne perioden: | |
|-----------------------------------|--|
| Norsk | Du skal kunne delta i aktivitetar og samtalar om litteratur. Du skal kunne grunnleggjande grammatikkreglar på sidemålet ditt. Du skal kunne arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar om språk og innhald. |
| Engelsk | Du skal kunne skrive samansette tekstar som beskriv, fortel og reflekterer, og som er tilpassa formål, mottakar og situasjon. Du skal kunne formidle innhaldet frå eit intervju og tilpasse det til formål, mottakar og situasjon. Du skal kunne arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og kunnskap om språk. |
| Matematikk | Du skal kunne lage eit budsjett og rekneskap, samt gjere berekningar omkring sparing og valuta. Du skal kunne utforske personleg økonomi og kva ulike ting i kvardagen kostar, som huslån, forsikring, mat, ferie og liknande. |
| KRLE | Du skal kunne forklare nokre etiske idear frå viktige skikkelsar i filosofihistoria og bruke dei til å drøfte etiske spørsmål. Du skal kunne finne og drøfte etiske problemstillingar som handlar om menneskerettar, berekraft og fattigdom. |
| Samfunnsfag | Du skal kunne forklare kva konspirasjonsteori er, og korleis konspirasjonsteoriar kan påverke forståinga vår og det samfunnet me lever i. Du skal kunne vurdere kjelder kritisk for å skilje mellom fakta og usanne teoriar. Du skal kunne fortelje om årsaker til og konsekvenser av terrorhandlingar, og reflektere over korleis ein kan forebyggje ekstreme haldningar og handlingar. |
| Naturfag | Du skal kunne forklare skilnaden mellom dei ulike inntrengarane kroppen blir utsett for (virus, bakterie, sopp og parasitter) og forklare korleis det indre og ytre immunforsvaret verkar. |
| Tysk | Du skal kunne fortelje og snakke om andre personar, både venner, familie og kjende personar. Du skal kunne snakke om kvardagen din, og bruke nokre laust samansette verb i presens. |
| Engelsk fdj. | Du skal kunne utforske og presentere fakta om kultur, geografi og samfunnsliv i utvalde engelskspråklege land, og samanlikne desse med norske forhold. |
| Arbeidslivsfag | Du skal kunne arbeide i fellesskap med å finne ein idé og utforske korleis denne idéen kan drivast. Du skal kunne vurdere om det er grunnlag for å etablere bedrifta dykkar rundt idéen. |
| Kroppsøving | Du skal øve på samarbeid, spelforståing og ferdigheiter gjennom ulike balleikar. |
| Musikk | Du skal kunne spele eit blueskjema på gitar, piano, bass eller trommer. |
| K & H | Du skal kunne velge deg ei fordjupingsoppgåve, planleggje arbeidet ditt og starte produksjonen |
| Olweus | Klassemiljø, fordomar og utanforskarp. Me brukar TV2-serien «Skolebytte» som utgangspunkt for diskusjonar og refleksjonar. |

Diverse:

Ny heimeside

Me får ny heimeside frå mandag 13. oktober. De må inn og melde dykk på "Abonner på nyheitsbrev" for å få varsel på nyheter og informasjon på den nye heimesida vår.

ungKan4

Me har blitt invitert til å bli med i ungKan4 og ca 30 elevar har takka ja til dette. Undersøkinga skal kartleggje det fysiske aktivitetsnivået og den fysiske formen til eit representativt utvalg barn og unge i Noreg, og bli gjennomført av Norges idrettshøgskole i samarbeid med Folkehelseinstituttet.

Elev- og utviklingssamtalar

Kontaktlærarane startar opp med ein ny runde med elevsamtalar. Her snakkar me om bl.a. om trivsel, motivasjon, faglege mål og fagleg utvikling. Etter dette kjem det det innkalling til utviklingssamtalar.

Haustferie

I veke 41 er det haustferie. Me ønskjer alle ei herleg veke med fri!

TV-aksjonen 2025

TV-aksjonen NRK blir rekna som ei av verdas største dugnadars.

Årets tv-aksjon går til Atlas-alliansen og skal gi naudhjelp, utdanning og moglegheit for eit betre liv for menneske med funksjonshemmning som lever i krig og fattigdom. Me bruker tematimane i denne perioden til å lære meir om saka. I tillegg planlegg me eit sponsorløp for heile skulen i veke 42.

Verdsdagen for psykisk helse

Tysdag 14. oktober vil heile skulen markere verdsdagen for psykisk helse.

Temaet dette året er psykisk beredskap. Me løyser opp timeplanen og har eige opplegg heile dagen.

Veke 40

Tysdag 30.september: Nokre elevar reiser til Bryne vgs etter lunsj ("Følg drømmen, ikke strømmen")

Onsdag 1.oktober:

- Vurdering i musikk (innlevering)
- Rekrutteringsdag for anleggsbransjen på Øksnevad 11.30-14.00 (21 elevar)

Torsdag 2.oktober:

- Vurdering i engelsk (munnleg innlevering)
- UngKan4 i Kvernhallen (1.og 2.time)

Fredag 3.oktober: Skriveøkt i engelsk (1.-3.time)

Veke 41: H A U S T F E R I E

Veke 42

Tysdag 14.oktober: Verdsdagen for psykisk helse. Eige opplegg heile dagen.

Fredag 17.oktober: Vurdering i krle (1.time)

Veke 43

Måndag 20.oktober: Fagdag i norsk

Torsdag 23. oktober: Vaksinering

| Heimearbeid veke 40 | |
|---------------------|--|
| Måndag 29 | |
| Tysdag 30 | <p>Matematikk: Sjå heile førelesingane «25.4 Valuta» og «26.3 Feriepengar» på Campus.</p> <p>Naturfag 10AB: Lag eit samandrag av det viktigaste du har lært til no om immunforsvaret. Du bør skrive minst 6-10 setningar - OneNote i heimearbeid v.40.</p> |
| Onsdag 1 | <p>Naturfag 10C: Lag eit samandrag av det viktigaste du har lært til no om immunforsvaret. Du bør skrive minst 6-10 setningar - OneNote i heimearbeid v.40.</p> <p>Tysk: Gjer heimearbeid v. 40 på OneNote.</p> |
| Torsdag 2 | <p>Norsk: Les 20 minutt i boka di - skriv logg. Du skal kunne fortelje om boka di til ei mindre gruppe.</p> <p>Engelsk: Siste frist for innlevering (på Teams) av den munnleg vurderinga. Du finn informasjon om oppgåva og vurderingskriterier på OneNote – innhaldsbibliotek – vurdering.</p> |
| Fredag 3 | <p>Engelsk: Førebu deg til den skriftlege vurderinga (skriveøkt 1.-3.time). Du finn informasjon om førebuing og vurderingskriterier på OneNote – innhaldsbibliotek – vurdering.</p> <p>KRLE: Førebu deg til KRLE-prøve neste fredag. Du finn målarket på OneNote (det er distribuert til kvar enkelt elev, under inndelinga “arbeid på skulen” (10B og 10C) eller “vurdering” (10A).</p> |
| Heimearbeid veke 42 | |
| Måndag 13 | |
| Tysdag 14 | <p>Matematikk: Sjå heile førelesingane «27.1 Sparing» og «27.2 Rentesrente» på Campus.</p> |
| Onsdag 15 | <p>Tysk: Gjer heimearbeid v.42 på OneNote.</p> <p>Norsk: Skriv ca 150-200 ord på sidemålet ditt om haustferien din. Lever på OneNote-heimearbeid v. 42.</p> |
| Torsdag 16 | <p>Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v. 42 på OneNote.</p> |
| Fredag 17 | <p>KRLE: KRLE-prøve på fredag for alle klassane (1.time)</p> <p>Naturfag: Les side 91-96 og svar på spørsmåla side 96. Lever på OneNote heimearbeid v. 42. (Her finn du også link til skolestudio.no)</p> <p>Matematikk: Innlevering av Excel-ark om personleg økonomi, med munnlege forklaringar knytte til formlar og val.</p> |